

## Om såkorna vert sådd...

**Eit lite bedehus tett opptil hovudvegen gjennom dalen. Eg parkerer, helsar på leiarane, før bussen med omlag heile barneskulen stansar langs vegkanten.**

**Tekst:** Ingrid Kvam Steinshamn  
**Foto:** Foto

Ut kjem det smilande, energifylte, glade og imøtekomande born i frå alle klassetrinna. Dei merkar straks at eg er "ny", og kan peike ut kva bil som er min frå parkeringsplassen. Her er det tydeleg at rutinar og forutsigbarheit legg ei trygg ramme rundt tysdagane til desse borna. Eg er allereie gripen.

Follestaddalen Bedehus vert ikkje brukt like mykje som tidlegare, og leiarane er naturleg nok bekymra for om naboane deira får sjå kven Jesus er. Men håpet er der, tysdagar frå kl 14.15-16.30. Då vert huset fylt til randen av liv og glede. Knappe 50 born som kvar gong får møte vaksne som trur og som får høyre Ordet. Der er framtida, der er såkorna sådd.

Dalane Yngres i Follestadalen har vore i god drift i over 40 år. Hovudleiar Sylvi Korsfur har sjølv vore med i leiargruppa dei siste 32 åra, og ho er framleis med. Laget byrja tidleg med etter-skuletid-tilbod, og det har stort sett vore veldig godt oppmøte (ca 20-30 born) om ein samanliknar med totale buarar i dalen. Og tek ein med samanslåinga av barneskulane Åmdal og Follestadalen, for om lag 10 år sidan, så har medlemsstalet nesten dobla seg.

*Korleis har de drive yngreslaget desse åra?*

Tidene endrar seg litt, men ingredi-



Borna i full sving med kreativ aktivitet

ensane er stort sett dei same. Matykt, andakt, hobby, spel, leikar og song. Før var det enkelt gitarspel til songane, men no har Gro tatt det til nye høgder med fancy playback, fortel Sylvi.

*Kva uttrykker foreldra om dette tilbodet?*

Vi har aldri fått negative tilbakemeldingar frå foreldra, og nokre ser vel meir på det som SFO denne dagen sidan skulen har droppa det annankvar tirsdag. Men det er også mange som gir veldig positive signal, og syns

det er kjekt at borna har dette tilbodet. Mange bidrar også med baking for å hjelpe litt til.

*Kva er din motivasjon og drivkraft til å være leiar i Dalane Yngres?*

Motivasjon ja, hehe. Den manglar nok av og til. Men heilt klart eit enkelt ønske om at borna må verte kjent med Jesus. Vi har løfta på at Ordet vender ikkje tomt tilbake. Og kven skal ellers gje evangeliet vidare til nye generasjonar om ikkje vi som trur vil gjere det?

*Kva rolle kan dette arbeidet ha for Follestadalen dei neste 5-10 åra?*

Håpet for dei neste 5-10 åra er at stafettpippen kan verte sendt vidare til yngre krefter som har sett at dette er noko dei vil vere med på, og ellers så får vi halde ut i tenesta så lenge kreftene holde. Det er ingen pensjonssalder i Guds rikes arbeid.

Såkorna har vore sådd, og vert framleis sådd i Follestadalen...

Kven vil vera med å hausta?

### Gjør det lille du kan

- Lina Sandell

*Gjør det lille du kan,  
der hvor Gud har deg satt,  
stå ei ledig, mens dagene flyr!  
Etter vår kommer høst,  
og på dag følger natt,  
og kan hende ny morgen ei gryr.*

*Mens det ennå er tid,  
så Guds ord på ditt sted,  
og din gjerning skal modnes i fred.*

*Gjør det lille du kan,  
og tenk slett ikke på  
at så ringe og lite det er!  
Hvordan skulle du da*

*med frimodighet gå dit din  
mester vil sende deg her?  
Er det arbeid du fikk,  
som en dråpe i hav,  
vær tilfreds at til deg han det gav!*

*Gjør det lille du kan,  
og glem aldri at Gud*

*bare troskap hos alle vil se!  
Og vær glad du får gå  
med det ringeste bud,  
for han selv vil bestandig gå med.  
Hvilken fryd om en dag  
Herren sier til deg:  
Hva du gjorde du gjorde for meg!*

# Vinne, utruste og sende



**Karl Arne Austnes**  
Kretsleder Sunnmøre Indremisjon

**D**esse tre orda er kjerneorda i den nye visjonen vi vedtok i strategiplanen vår. «Vi vil vinne, utruste og sende menneske med evangeliet på Sunnmøre».

**Vi trur det** er ein god visjon fordi den er i samsvar med det som ligg i oppdraget vårt og i samsvar med det som ligg på Guds hjarte. Oppdraget er «med Guds ord til folket». Og det første som må skje i eit slikt oppdrag er at folket må vinnast for Jesus. «Endå eg er fri og ikkje slave for nokon, har eg gjort meg til slave for alle for å vinna så mange som råd» seier Paulus i 1. kor 9,19. Utfordrar dette deg? Det bør det gjere. Kva er du villig til å gjere for at folk skal bli frelst? «For alle har eg vorte alt, for i alle fall å frelse nokre», fortsetter Paulus. Denne driven kan vi ikkje skape sjølv, den blir skapt i oss ved Guds ord og Ande. Difor må vi sjølv leve godt med Jesus om nøden for at andre må bli frelst skal gripe hjartet vårt. Det handlar om å leve nær, i erkjenning av synd og ærleg med livet slik at vi har bruk for ein nådig Herre og blir avhengig av hans kraft i kvardagen. Då kjem også trongen til å vinne andre for dette gode livet, livet med Jesus.

**Og skal vi nå ut** treng vi som truande å bli utrusta. Her har det kristne fellesskapet ei unik rolle. Bedehuset skal vere «Borg og base». Borg fordi vi treng ein trygg kvileplass i kvardagen sitt stress, base fordi vi treng å bli utrusta til kvardagslivet.

«All nådes Gud, som ved Kristus har kalla dykk til sin evige herlegdom, han skal utrusta dykk, gje dykk kraft og styrke og grunnfesta dykk» seier Peter i 1. Pet 5,10. Dette er gode ord og det er mi bøn og min draum at indremisjonsfolket på Sunnmøre må få leve i dette løftet. Tenk at vi får tru på «all nådes Gud», at han har kalla oss og vil utruste, styrke og grunnfeste oss! La oss leve i dette løftet og tru det slik at vi vert sett i stand til å vitne om han i kvardagen vår.

«**Eg er sendt**». Er det di oppleving av tenesta du er sett til? Eg trur det er viktig at vi opplever oss sendt av Jesus der vi er. Då vert det lettare å stå i tenesta over tid og då vert det meiningsfylt at vi er akkurat der vi er. Fordi Jesus har sett oss der. «Som Faderen har sendt meg, sender eg dykk», seier Jesus i Joh 20,21. Og går vi djupare inn i denne bibelske samanhengen ser vi ein slags dominoeffekt. Faderen sender Sonen, Sonen sender den Heilage Ande og Anden sender oss. Slik får vi stå i ein stor samanheng, sendt av Gud med evangeliet til vårt eige folk. Det er indremisjon, det er kortreist misjon. Så trur eg at Gud vil at vi skal ta radikale val. Kvar på Sunnmøre er det få kristne? Kvar trengst det at unge kristne flyttar til for at arbeidet ikkje skal dø ut? Og kvar har arbeidet døydd ut og det er behov for pionerar som vi starte arbeidet på nytt?

**Alt dette for at fleire skal bli frelst!**

Det handlar om å leve nær, i erkjenning av synd og ærleg med livet slik at vi har bruk for ein nådig Herre

## ORGAN FOR SUNNMØRE INDREMISJON

### Heimemisjonen

Redaktør: Karl Arne Austnes  
Postboks 7836 Spjelkavik,  
6022 Ålesund  
Tlf. 70 17 86 70  
Fax. 70 17 86 69  
Bankgiro: 3000.15.31235  
E-post: sunnmøre@imf.no  
Internett: www.imf.no/sunnmøre  
Ung Misjon: www.ungmisjon.no

### Brusdalsheimen

Telefon: 70 27 45 53  
Bankgiro 3900.31.17255

### Orreneset Misjonssenter

Telefon: 70 25 07 56  
Bankgiro: 4045.07.07211

### Daggry barnehage

Telefon: 70 18 24 97  
Bankgiro: 3000.21.36682

### Borgund Folkehøgskule

Telefon: 70 17 76 00  
Bankgiro: 8220.02.20788

### Møre Ungdomsskule

Telefon: 70 17 66 70  
Bankgiro: 8220.02.80287

### Møre barne- og ungd. skule Herøy

Telefon: 70 08 05 50  
Bankgiro: 3000.18.45655

### Begravelsesbyrået

**Sunnmøre A/S**  
Telefon: 70 17 86 60  
Vakttelefon: 90 86 38 56


### Si-Reiser AS

Telefon: 70 17 90 00  
www.si-reiser.no

### Radio Sentrum

Telefon: 70 15 41 00  
Bankgiro: 3900.21.10311  
www.radiosentrum.no





# Det skjer i Ung Misjon framover, for både barn, ungdomar og vaksne

## HAUSTTREFF 24.-26. okt

– Brusdalsheimen.

For deg i 5.-7. klasse. Taler er Bjarte Vesetvik som jobbar i Imf Ung.

Denne helga skal vi både høre og synge frå Bibelen. Elles står mange kjekke aktivitetar på programmet.

## MINILEIR 1.-2. nov

– Brusdalsheimen.

For deg i 2.-4. klasse. NB: Venteliste

## EKTESKAPSKURS 8.-9. nov

– Orreneset.

Undervisning ved Eli og Odd Halvor Mosevoll ([www.mosevoll-familiesenter.no](http://www.mosevoll-familiesenter.no)) For alle som vil investere i ekteskapet. Ei helg med barnefri, god mat, kjærestetid, vakker natur. SJEKK UT!!

## TEN TREFF 14.-16. nov

– Orreneset.

For deg i 8.-10. klasse. Undervisning av ei DYKTIG ung dame, Solveig Hosøy frå Imf Ung. Mykje gøy program og godt med «mingletid» Vi bur i dei flotte hyttene på Orreneset og satsar på godt haustvær slik at vi kan nyte Sunnmørsnaturen.

## MINI-ADVENT 22.-23. nov

– Brusdalsheimen.

For deg i 2.-4. klasse. Bibeltimar, oppgavehefte, sporløp og kiosksal, alt det kjekke som pleier vere på minileir er med. Denne leiren vert det også juleverkstad J



Juleverkstad mini-advent

## KonFu

Med ny skolestart følger det også et nytt kull med konfirmanter. Så også i år.

Sunnmøre Indremisjon er med på å tilby konfirmantundervisning sammen med NLM og Emblem bedehusforsamling.

**Tekst:** Eivind Landro

**Foto:** Privat

KonFu ble startet fordi vi ønsket å gi tilbud om grundig og god konfirmantundervisning til de som ikke ønsket å konfirmerer seg i Den Norske Kirke (DNK), og til de som ønsket et supplement til konfirmantundervisningen i DNK. De fleste som går på KonFu konfirmerer seg i DNK, mens noen velger å konfirmerer seg i en forsamling.

Nå er vi i gang med et nytt kull, og den 5. september kom 17 konfirmanter til Speiderhytta på Ørskogfjellet for å være med på bli-kjent helg. Det var en flott gjeng med konfirmanter som møtte opp opplagte og klare, og det var en litt trøttere gjeng som reiste derifra. Helga var preget av mye sosialt og moro, som vi alltid har fokus på. Det skal være kjekt å være på KonFu og alle skal bli sett. Vi hadde også undervisning om det å være konfirmant, hva det innebærer og hvorfor en gjør det. I tillegg hadde vi fokus

på hvem Gud er og ta frem forskjellige sider ved Gud og ved skapelsen.

På lørdagen var det klart for den tradisjonelle teambulidingen der vi deler konfirmantene inn i lag og de får ulike oppgaver som de må samarbeide på. Her testet vi alt fra lagarbeid til kreativitet og arbeidsfordeling. Og alle oppgavene ble utført med glans.

Dette var bare litt av det som skjedde denne helga og vi ledere var veldig fornøyde både med konfirmantene og helga! Vi er utrolig privilegerte som får lov til å møte disse konfirmantene så mange ganger gjennom året, og for lov til å undervise og samtale om de viktige tingene i livet. Vi håper du som leser dette vil være med å be for konfirmantene og for oss som er ledere. Be om at konfirmantene må få bli bedre kjent med Jesus og at de får lyst å følge Ham resten av livet!



Konfu-gjengen

# Blåse liv i gamle glør?

**Den 8.-9. november arrangerer Sunnmøre Indremisjon og Ungmisjon ekteskapsweekend på Orreneset Misjonscenter.**

**Tekst:** Rannveig Nybø

**Undervisninga står** Elin og Odd Halvor Mosevoll for. Elin og Halvor kjem fra Osterøya og har god erfaring frå undervisnings- og veiledningssamanheng «Nei, vi har det ikkje Så gale.» «Nei for oss er det nok for seint.» «Vi har det veldig fint saman, dette treng ikkje vi.»

**Ja, kven er dette for?** Weekenden er for ektepar, for nygifte, for dei som har vore gift i mange år, og for dei som tenker å gifte seg. Det er for dei som opplever at ekteskapet fungerer, for dei som treng nokre «nøklar» for å få det bedre saman og for dei som treng hjelp til å komme vidare i ekteska-

pet. Kanskje de som er besteforeldre kan gje dette i gave til slitne småbarnsforeldre? «Versågod: ei helg på vakre Orreneset. Berre de to! Vi passer barnebarna og betaler for opphaldet.» Snakk om god investering for framtida!

**Det er ikkje** lagt opp til gruppesamtalar – her kan de får vere berre de to som par om de ønsker det. Elin og Odd Halvor vil vere tilgjengelig for veiledersamtalar. Programmet inneheld både undervisning, partid der de kan slappe av, sove eller gå fjelltur alt etter eige ønske og selvfølgelig god mat som skal nyttes!

**Fleire par har** alt meldt seg på. Så bli med og invester i det mest dyrebare vi har, nemlig ektefellen!

**For meir informasjon kontakt:** Sunnmøre Indremisjon eller sjekk ut [www.ungmisjon.no](http://www.ungmisjon.no) og [www.mosevollfamiliesenter.no](http://www.mosevollfamiliesenter.no)



**EKTESKAPS-WEEKEND**  
8. - 9. november  
Orreneset Misjonscenter

**FOR DEG SOM VIL  
INVESTERE I EKTESKAPET**

Undervisning ved ekteparet  
Elin og Odd Halvor Mosevoll

Les meir på:  
[www.mosevoll-familiesenter.no](http://www.mosevoll-familiesenter.no)

**Påmelding/ Info:**  
[www.ungmisjon.no](http://www.ungmisjon.no)

## KRINSNYTT

### Forum for fellesskap og kristen teneste

Dette forumet tek over etter det tidlegare fritidsforkynnararkurset og er ein del av den nye strategiplanen til krinsen. Runar Landro vert med som kurshaldar og har tema: «Fastbuande eller berre på besøk» - om å forkynne i forsamling og foreining – utfordringar i forkynninga og for forkynnaren. Vi flyttar stad for kurset og inviterer til amfiet på Borgund Folkehøgskule laurdag 22. november kl 12.00. Påmelding til krinsen på tlf 70 17 86 70 eller mail: [sunnmore@imf.no](mailto:sunnmore@imf.no) Du som er andaktshaldar og fritidsforkynnar er

velkomen. I tillegg ynskjer vi spesielt å invitere unge leiarar i bedehusarbeidet til denne samlinga. Det blir god tid til samtale og vi serverer mat og kaffi. Her kan vi bli kjent med andre som driv forsamlingsarbeid og få praktisk hjelp.

### Foreiningsgåver

Rekneskapan for Sunnmøre Indremisjon syner om lag balanse 1. halvår, men foreiningsgåvene er godt under budsjett. Dette uroar oss fordi desse gåvene synte ein nedgang også i fjor. Krinsen er eigd av lokalforeiningane og blir driven av desse. Vi er ikkje sterkare enn det lokalforeiningane er. Difor er det viktig å halde oppe arbeidet lokalt og at foreiningane sender sine gåver til drift av krinsen. Vi minner også om at barne- og ungdomslaga må sende foreiningsgåver til Ung Misjon.

### Nye postadresser

Fleire av kommunane på Sunnmøre har den siste tida gitt nye namn til vegar i kommunen. Dette har ført til at mange har fått ny postadresse. For oss som sender ut mange brev til enkeltpersonar har dette ført til problem, vi får breva i retur frå posten fordi adressa er feil. Det betyr m.a. at når Radio Sentrum eller krinsen sender ut gåvebrev blir det færre som får gi si gåve til arbeidet. Difor hadde det vore fint om du som veit at du har fått ny adresse i det siste kan gi melding til oss om adresseendringa. Ta kontakt på tlf 70 17 86 70 eller mail: [sunnmore@imf.no](mailto:sunnmore@imf.no)



# REISERUTA NOVEMBER & DESEMBER

## Karl Arne Austnes:

31.10 og 02.11: Alnes, 01.11: Radiomesse, 06.11: Frøystad, 08.-09.11: ekteskapskurs Orrneset, 16.11: Solevåg, 19.-23.11: Tennfjord, 22.11: forkynnerkurs, 07.12: storsamling Borg, 14.12: Skodje, 21.12: Emblem, 29.12: Giske

## Ingrid Kvam Steinshamn:

02.11: Ørsta, 08.-09.11: ekteskapsweekend Orrneset, 14.-16.11: Tentreff, 22.11: forkynnerkurs, 26.-30.11: Godøya, 03.12: Giske, 07.12: storsamling

## Rannveig Aure Nybø:

08.-09.11: ekteskapsweekend Orrneset, 16.11: Årset, 16.11: Tennfjord, 30.11: Måndalen, 07.12: storsamling

## Eivind Landro:

19.-23.11: Vigra, 14.12: Godøya, 26.12: Gamlem

## Kjell Furnes:

02.11: Sunnmørskirka, 05.11: Rovde, 07.-09.11: Sula, 13.11: Lepsøy, 23.11: Godøy, 25.11: Folléstaddalen, 26.11: Åmdal, 30.11: Stranda, 07.12: Storsamling Borg, 14.12: Ulsteinvik, 28.12: Sjøholt, 01.01.15: Skodje

## Arve Fiskerstrand:

02.11: Godøy

## Torgeir Tynes og Anbjørn Walderhaug:

6.7. og 9.11: Hjørungavåg

## Anbjørn Walderhaug:

02.11: Giske, 23.11: Sykkylven bhf.

## Erik Furnes:

05.12: Østre Ellingsøy, 07.12: storsamling Borg

## Reidar Fiske:

06.11: Stranda

## Eyvind Volle:

14.-16.11: Valldal

## Hilde Gjengedal og Gudrun Longva:

02.11: Hjørungavåg, 26.11: Vigra, 30.11: Blindheim

## Kai Even Bjørdal:

02.11: Sunnmørskirka, Ålesund bedehus

## Lars Erik Nesseth:

09.12: Folléstaddalen

## Andreas Kiplesund:

02.11: Emblem

## Linda Austnes:

14.12: Sykkylven

## Johannes Kleppa:

21.-23.11: Ulsteinvik

## Johan Halsne:

20.-23.11: Berge (samarbeid med foreningane i Herøy)

## Runar Landro:

21.11: Østre Ellingsøy, 22.11: fritidsforkynnerkurs, 23.11: Emblem og Brattvåg

## Torgeir Skrunes:

31.08: Ulsteinvik, 07.-09.11: Ulsteinvik

## Roald Evensen:

29.10- 02.11: Godøya,

## Solveig Hosøy:

14.-16.11: leir Orrneset, Tentreff 08.-10.kl.

## Jarle Berland:

19.-24.11: Søvik/Gamlem

## RADIOMESSE

ÅLESUND BEDEHUS  
laurdag 1. november  
kl. 11.00 - 15.00



Oppstart kl. 11.00

m/Giske barnekor

Kafeteria, tombola, loddsalg, salgsvarer

Møtesamvær kl. 14.00

m/Blindheim musikkor og Roald Evensen

**Stort behov for salsvarer og gevinstar!**

Meld gjerne inn på tlf. 70 15 41 00

Takk til deg som vil hjelpe oss også  
dette året!



## Sunnmørskirka

Ordet nær - mennesket nær!

Ålesund bedehus

Søndag 2. november kl. 12.00



Taler: Kai Even Bjørdal

Sang av Sanctus

Velkommen!